



Trond Grøttveit
Sjosidevegen 128 a

5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1864 - 14/15398

Saksbehandlar:
Nora Gjerde
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:
24.06.2014

Klage på byggesak gbnr - 190/2 Grøttveit

Vedlagt følgjer vedtak frå møte i Klagenemnda – 23. juni 2014.

Med helsing

Nora Gjerde
administrasjonssekretær

Andre mottakere:
Trond Grøttveit

Advokat Dag Nødtvedt



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/14	Klagenemnda	PS	23.06.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Folkestad	14/1864

Klage på byggesak gbnr - 190/2 Grøttveit

Vedlegg:

Avslag på søknad om endring i vilkår i avkjøringsløype - gbnr 190/2 Grøttveit

Klage i byggesak - forlenget bruksløype - gbnr 190/2 Grøttveit

Klage i byggesak - gbnr 190/2 Grøttveit

Klage på byggesak gbnr 190/2 Grøttveit

Klage i byggesak - gbnr 190/2 Grøttveit

Avkjøringsløype - gbnr 190-2

Avkjøringsløype - gbnr 190-5

Avkjøringsløype- gbnr 190-9 og 15

Avkjøringsløype gbnr 190-10

Trekker delingssak 190-27 (L)(374575)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune sitt vedtak datert 19.03.2014 vert oppretthalde, klagen vert ikkje tatt til følge.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til vurderinga.

Klagenemnda - 010/14

KL - behandling:

Lindås kommune sitt vedtak vert oppretthalde.

Samrøystes.

KL - vedtak:

Lindås kommune sitt vedtak datert 19.03.2014 vert oppretthalde, klagen vert ikkje tatt til følge.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til vurderinga.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

- Saka skal avgjerast i klagenemnda

Bakgrunn

I samband med søknad om riving av eksisterande bustad og oppføring av ny bustad, måtte det søkast om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg.

Etter søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle ga teknisk drift den 07.09.09 løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle på vilkår. Avkjørsle skulle opparbeidast slik at den stetta tekniske krav til avkjørsler fastsett av vegdirektoratet. Dei tekniske krav er heimla i Veglova § 43, forskrift av 1964 om «almannelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal 017. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

Da eksisterande avkjørsle ikkje kunne stette fleire av dei tekniske krava, mottok teknisk drift ein søknad datert 09.12.09 om løyve til å få etablere ny avkjørsle frå kommunal veg. Denne søknaden innebar ny trase for den nedre delen av vegen (mot kommunal veg). I samband med søknaden vart det, i møte mellom teknisk drift og søkjar, opplyst om at dersom teknisk drift skulle gje eit slikt løyve skulle avkjørsle være felles for alle bebuarane i området. Eksisterande avkjørsle ville verte stengt og ville berre kunne nyttast som landbruksavkjørsle til driftsbygninga ved vegen. Dette var søkjar inneforstått med og teknisk drift ga derfor løyve til etablering av ny avkjørsle den 15.12.09.

Lindås kommune mottok 18.12.2013 brev frå advokat Dag Nødtvedt, som representerar tiltakshavar, som gjaldt klage i byggesaka/fråfall av vilkår om ny veg/avkjørsel. Lindås kommune har tolka brevet som ein søknad om dispensasjon frå dei tekniske krava som gjeld for avkjørsler.

I vedtak datert 19.03.2014 vart det gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå tekniske krav ved opparbeiding av avkjørsle.

Det er motteke klage på vedtaket frå advokat Dag Nødtvedt i brev motteke 10.04.2014.

Etter innsendte klage vart det halde felles synfaring på staden (ved avkjørsle) 16.05.2014, der tiltakshavar og hans advokat saman med øvrige bebuarar vart invitert med.

I etterkant av synfaringa har Lindås kommune motteke kopi av brev sendt frå fleire bebuarar på Grøttveit til tiltakshavar. Innhaldet i brevet gjeld i hovudsak kostnadar knytta til ny veg/avkjørsle og avståing av veggrunn.

Klagen:

I klagen vert det vist til at Lindås kommune har gitt usakleg forskjellsbehandling i Trond Grøttveits

disfavør. Det vert blant anna vist til tiltak på gbnr 190/27, 190/5, 190/9 og 190/15. Klagar meiner seg forskjellsbehandla når det gjeld tekniske krav til avkjørsle. Klagar hevdar at det i avkjøringsløyve til dei andre grunneigarane ikkje er sett tekniske krav til opparbeiding av avkjørsle. Teknisk drift har hatt ei gjennomgang av alle avkjøringsløyver gitt for den aktuelle avkjørsle og kan ikkje sjå at kommunen har gitt forskjellsbehandling i avkjøringsløyvene og syner til vurderinga under.

Vurdering:

Teknisk drift fatta den 19.03.2014 vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå tekniske krav til avkjørsler. Grunngeving for avslaget var at dei tekniske krava har som formål å ivareta kommunal veg og dei trafikale forhold kring denne.

Det er §§ 40-43 i Veglova, forskrift av 1964 om «almennelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal 017 som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Forskrift av 1964 er heimla i § 43 i Veglova, mens vegnormal 017 er heimla etter § 13 i Veglova om anlegg av offentleg veg. Forskriftene gir generelle rammer for utforming og standard på avkjørsler og gjeld for alle offentlege vegar og gater, jf. Veglovens § 1. Vegnormalane gir utfyllande fastsettingar.

På grunn av tekniske krav fastsett av vegdirektoratet kan ikkje teknisk drift gje dispensasjon frå krav til sikt, svingradius og geometrisk utforming av avkjørsle. Krava er sett av vegdirektoratet for å sikre trafikktryggleik langs offentleg veg. Krava gitt i avkjøringsløyve er dei same som er sett for avkjørsle til einebustad. Den aktuelle avkjørsle ligg i grense til å komme inn under definisjonen vegkryss. Vegkryss har strengare krav til sikt og svingradius.

Kommunal veg vil i perioder være omkjøringsveg ved stenging av E39 (vegarbeid/ulykker). Geometrisk utforming, sikt og svingradius i avkjørslene vil derfor være avgjerande for trafikktryggleika langs kommunevegen. Geometrisk utforming av dagens avkjørsle gjer det umulig å svinge til venstre i kommunal veg. Dette kan medføre problem for brukarane av avkjørsle dersom veg i retning av Knarvik vert stengt under arbeid på veg.

Klagar hevdar at Teknisk drift har forskjellsbehandla grunneigar av gbnr 190/2 i forhold til dei andre grunneigarane i området. Teknisk drift har hatt hatt ei gjennomgang av avkjøringsløyve for alle eigedommane som klagar hevder å ha fått andre vilkår i sine avkjøringsløyver. I disse avkjøringsløyvene har grunneigarane undertekna på vilkår om at avkjørsle skal tilfredsstillte tekniske krav fastsett av vegdirektoratet. Alle løyvane er funne i kommunen sitt arkivsystem, med unntak av avkjøringsløyve til gbnr 190/2 (klagar sin eigedom) og til gbnr 190/27 (eigedom delt i frå klagar sin eigdom). Bustad på gbnr 190/27 er bygd i 1971 som bustad nr 2 på gbnr 190/2. Bustaden vart skilt ut med eget gards og bruksnummer i 2002. Her skal avkjøringsløyve være gitt av Statens vegvesen i 1971. I delingssaker der etablerte bustader vert skilt ut, vert det ikkje fremma krav om nytt avkjøringsløyve dersom det ikkje vert gjort endringar på bustaden. For eigedommer der eksisterande bustad rivast og ny bustad vert etablert vert det sett krav om nytt avkjøringsløyve.

På gbnr 190/27 var det søkt om deling av eigedom i 2007. Det vart gjeve dispensasjon for dette i forhold til LNF område i kommuneplanen. Vegmynde gav ei munleg uttale på at utvida bruk av eksisterande avkjørsle akseptertast for ei bustadeining. Det vart ikkje sendt inn søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle til vegmynde og avkjøringsløyve med vilkår vart derfor ikkje gitt. Saka vart trekt av søkjar den 03.10.2007.

På gbnr 190/5 vart det søkt om frådeling av ei hyttetomt 18.11.1985. Det vart for denne hyttetomta gitt avkjøringsløyve på vilkår om at avkjørsle skal byggast og vedlikehaldast etter regler vedteke av

vegdirektoratet den 16. juli 1964. Løyve er datert 14.03.1986 og falt bort da det vart gitt avslag i delingssaka den 25.02. 1987. Det er ikkje gjeve bruksendring for gardsbruket på gbnr 190/5 slik klagar hevdar. Våningshuset vart rehabilitert i 2012.

Teknisk drift har vurdert eksisterande avkjørsle som uoversiktlig og uheldig for trafikktryggleiken langs kommunevegen. Teknisk drift kan ikkje sjå at det er usakeleg forskjellsbehandling å oppretthalde tekniske krav til avkjørsle i saka. Det er av omsyn til kommunevegen og og dei trafikale forholda kring vegen at teknisk drift opprettholder tekniske krav til avkjørsle. Krava er minimumskrav fastsett av vegdirektoratet i regelverk og har som formål å sikre krav ein har til offentleg vegsystem og til trafikktryggleik langs denne.

På bakgrunn av dette finn ein ikkje grunnlag for å ta klagen til følgje. Vedtak datert 19.03.2014 vert oppretthalde.